

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/18	Valstyret Alver	PS	18.09.2018
054/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1379

Kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Vedlegg :

189509 Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 (L)(18)

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

.....

Valstyret Alver - 002/18

VA - behandling:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VA - vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

.....

Fellesnemnd - 054/18

FN - behandling:

Innstilling frå valstyret vart samrøystes vedteke

FN - vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i valstyret
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 er fastsett til 9.september. Med heimel i vallova § 9-2 kan kommunestyret sjølv gjera vedtak om at det på ein eller fleire stader i kommunen skal haldast val og sundag før den offisielle valdagen.

I forskrift for gjennomføring av val i kommunar som er omfatta av grenseendring 1.1.2020 er det fastslått at det er fellesnemnda og ikkje kommunestyret som kan gjera vedtak om to-dagarsval.

Radøy, Meland og Lindås har ikkje avvikla val over to-dagar.

Det har vore forska på effekten av to-dagers val - Institutt for samfunns-forskning har uttrykt følgende; *«En studie har sett i detalj på dette, og den er basert på alle norske kommuner ved stortingsvalget i 1997 (Christensen og Midtbø2001 i NOU 2001:3 Velgere, valg-ordning, valgte). Studien viser at søndagsåpne stemmelokaler ikke har noen positiv effekt på valgdeltakelsen. Antallet stemmelokaler (kontrollert for antallet velgere) har heller ingen effekt nasjonalt. Forskningen avdekker ikke noe om endring over tid, det vil si effekten for valgdeltakelse i en kommune å gå fra å gjennomføre valg over to dager til ein dag (eller motsatt).*

Det har vore ein nedgang i kommunar som har avvikla to-dagars val frå 2009.

Veljarar som førehandsrøyster har auka ved de siste vala. Tilrettelegging av førehandsrøystinga dekkjer behovet for to-dagars val med tanke på god valdeltaking.

Fellesnemnda kan gjera vedtak om at det berre nokre av lokala i kommunen skal ha to-dagars val.

Det er krevjande å få denne informasjonen ut til veljarane. Erfaringar visar at det vert utfordringar uansett kor godt ein informerar.

Eit to-dagars val krev og ein del ekstra ressursar, personal, organisatorisk og økonomisk. Det vert ekstra kostnadar knytt til godtgjersle til valfunksjonærar, IT, bevertning, reinhold, informasjon mm.

.....